



Det går ein svært tydeleg sti rett over stykket.

Når jorda er frosen er det ikkje noko problem om nokon legg turen over dyrka mark. Noko anna er det no når våren har gjort sitt inntog, naturen vaknar til og det spirer og gror. Då går vi ikkje rett over dyrka mark. Derfor må dei som gjennom vinteren har gått rett frå Skulebrua over det dyrka jordet og til Sjøhaugen, leggja om ruta!

Denne snarvegen frå Skulebrua, rett over Fitjafletejordet og til Sjøhaugen har vore så mykje brukt, at det no er ein tydeleg sti rett over det. Vi skjønner at det kan vera fristande å velja denne snarvegen for det er både kortare og tryggare enn å gå langs den trafikkerte hovudvegen. Likevel går det ikkje an!! Vi må visa respekt for dyrka mark. Det gjeld ikkje berre denne fine flaten, men også dyrka areal andre stader.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland